

RAPPORT FRÅ PROGRAMSENSOR OM BACHELORPROGRAMMET I ARBEIDS- OG ORGANISASJONSPSYKOLOGI VED DET PSYKOLOGISKE FAKULTET, INSTITUTT FOR SAMFUNNPSYKOLOGI, UNIVERSITETET I BERGEN

Samandrag

Ei fullstendig vurdering av ressursbruk i programmet er ikkje gjort og vil krevje tilgang til eit større datamateriale enn det programsensor har tilgang til, men dei data som er tilgjengelig kan tyde på ein litt større ressursbruk i programmet samanlikna med tilsvarende program ved andre lærestadar. Større ressursbruk gir i liten grad utslag i resultatata for programmet: det er riktig nok færre stryk i programmet enn ved NTNU og UiT, men prosentandelen karakter A og B, gjennomsnittleg avlagte studiepoeng/student, og score på «undervising» og «læringsmiljø» i Studiebarometeret er på gjennomsnittet for tilsvarende program. «Tilbakemeldingar» er klart under gjennomsnittet.

Tolking av mandatet:

Programsensor skal vurdere den faglege kvaliteten på studieprogramma: litteratur, undervisningsformer, vurderingsformer, læringsutbytte, studieopplegg og gjennomføring m.m. Programsensor står i tillegg fritt til å kome med eigne kommentarar om alle tilhøve ved undervisninga, strukturen og innhaldet i studieprogramma. Ut over dette har Institutt for Samfunnpsykologi skissert følgjande oppdrag for programsensorperioden 2018/19: 1. Bruk av obligatorisk aktivitet (alle program) og generelt bruken av ressursar per enkeltstudent. 2. Faglege fordelar og ulemper med noverande organisering av studieretningar på dei respektive programma.

Programsensor har i år ikkje delteke i drøftingar i fagmiljøet om kvalitetsutvikling i programma.

Ressursar:

Punkt 1 om ressursbruk: Bruk av ressursar per enkeltstudent er eit relativt komplisert reknestykke. Med tilgjengelege «ressursar» meinast i første rekke dei tilsette si arbeidstid, og også pengar.

Bruk av ressursar:

Ressursane nyttast på undervising og rettleiing, sensur, og administrasjon (emneleiing, programleiing i tillegg til andre administrative oppgåver). Budsjettmodellen til fakultet og institutt er sentral i fordeling av ressursar. Bachelorprogrammet i arbeids- og organisasjonspsykologi er sannsynlegvis finansiert som ein samfunnsvitskapleg bachelor, dvs. i lågaste finansieringsklasse (F), som betyr at det i liten grad er lagt inn finansiering til rettleiing og individuelle tilbakemeldingar. Dersom det er mogleg å seie kor mange faglege årsverk som inngår i programmet, kan ein berekne talet på studiepoeng per tilsett i programmet, som kan samanliknast med andre tilsvarende studieprogram

for å seie noko om ressursbruken. Ettersom ein del av disse tala ikkje er kjent for programsensor så blir analysen kvalitativ, og programsensor har valt å samanlikne BA i arbeids- og organisasjonspsykologi med samanliknbare program på relevante variable: Ressursbruk er berekna ved å vurdere bruk av obligatorisk aktivitet for studentane, undervisingsformer, og sensorordning.

Effekt av ressursbruk:

Effekten av ressursbruken er forsøkt undersøkt ved å talfeste eksamenskarakterar, gjennomstrøyming (produksjon av studiepoeng og kandidatar), og resultat på Studiebarometeret.

Om bachelorprogrammet i arbeids- og organisasjonspsykologi

Programmet har 60 plassar, og har særst god inntakskvalitet med minimum 48,1 poeng ved førstegongsvitnemål og 54,9 poeng ved ordinært vitnemål.

Oppbygginga av programmet:

Bachelorprogrammet i arbeids- og organisasjonspsykologi inneheld følgjande: Ex.phil., eit filosofiemne som høyrer til i alle bachelorprogramma ved UiB (10 stp.). Obligatoriske emne på studiet er 30 studiepoeng innføringsemne (dette ser ut til å inkludere ex. phil.), og 90 studiepoeng spesialisering i generell psykologi. Tretti stp. innføringsemne er PSYK111 Innføring i psykologi og psykologiens historie (15 stp.), og PSYK113 Innføring i metode (5 stp.).

Obligatoriske spesialiseringemne er totalt 120 stp.: PSYK112 Sosial- og personlegdomspsykologi (10 stp.), PSYK114 Utviklings-, kognitiv og biologisk psykologi (15 stp.), PSYK106 Personalpsykologi (15 stp.), PSYK110 Arbeids- og organisasjonspsykologi (30 stp.), PSYK202 Metode (15 stp.), PSYK210 Nyare teoretiske, metodiske og empiriske bidrag i arbeids- og organisasjonspsykologi (5 stp.), PSYK200 Leiingspsykologi (15 stp.), PSYK201 Bacheloroppgave i arbeids- og organisasjonspsykologi (15 stp.).

Emna i arbeids- og organisasjonspsykologi utgjer 80 stp. av dei totalt 150 stp. med obligatoriske emne i programmet. Valfrie emne utgjer dei resterande 30 stp., og kan i prinsippet fyllast med alle typar godkjend høgare utdanning som ikkje overlappar med emne som er obligatoriske i programmet. Fleire slike emne ser ut til å vere tilbydd av fakultetet.

Undervisingsformer, studieopplegg og gjennomføring:

PSYK111 er eit 15 stp. emne med 17 dobbeltimar. PSYK113 er 5 stp. og har åtte dobbeltimar, medan PSYK112 er 10 stp. og har 12 dobbeltimar. Ressursbruken på undervisning er omtrent gjennomsnittleg for emne av dette omfang.

I PSYK250 bacheloroppgåva (15 stp.) skriv 1-3 studentar saman i gruppe, og kvar gruppe får totalt seks timar rettleiing, dvs. 2-3 timar i gjennomsnitt per student. Ved NTNU skriv studentane individuell oppgåve (22,5 stp) og får 10 timar rettleiing per student. Ressursbruken for rettleiing på

BA-oppgåva er såleis langt mindre ved UiB samanlikna med NTNU. (I tillegg kjem for eksempel skrivekurs, som alle lærestadane har, men som det ikkje er oppgitt omfang på).

Vurderingsformar:

PSYK111: 4 timars skuleeksamen der ein skal svare på 2 av 3 essayoppgåver i innføring i psykologi og 1 av 2 i psykologiens faghistorie. Studenten må svare tilfredsstillande på alle oppgåvene for å greie eksamen. Bokstavkarakter.

PSYK113: 3 timars skuleeksamen der ein skal svare på 1 av 2 oppgåver i vitskapsteori og 1 av 2 oppgåver innan kvantitativ og kvalitativ metode. Ein må ein svare tilfredsstillande på begge oppgåver for å greie eksamen.

PSYK112: 4 timars skuleeksamen der studentane skal svare på 2 av 3 oppgåver innan kvart av felta personlegdomspsykologi og sosialpsykologi, til saman 4 essayoppgåver. På eksamen må ein svare tilfredsstillande på alle oppgåvene for å greie eksamen.

PSYK114: 5 timars skuleeksamen med 6 essayoppgåver (2 frå kvart temaområde) der 3 oppgåver skal svarast på (1 frå kvart temaområde).

PSYK106: Skriftleg skuleeksamen på 4 timar kor studentane skal svare på 2 av 3 oppgåver som vektast likt.

PSYK110: Skuleeksamen på 8 timar, som består av 2 delar (del a: test av spesifikke kunnskapar, del b: kor kunnskapane skal drøftast i ein samanheng)

PSYK202: 4 timar skuleeksamen der ein skal svare på både ei kvalitativ og ei kvantitativ oppgåve.

PSYK210: Studentane si deltaking, presentasjon og diskusjon i seminargruppene vil bli springande evaluert.

PSYK200: Skriftleg skuleeksamen på 4 timar kor studentane skal svare på 2 av 3 oppgåver.

PSYK250: Bacheloroppgåve.

Vurderingsformene vekslar mellom kort- og langsvar, og enkelte heimeoppgåver, og dette er vanlege eksamensformer. Ressursbruken ser ut til å vere som ved andre lærestadar.

Sensorordning:

Institutt for samfunnspsykologi nyttar ein ekstern sensor for Årsstudiet i psykologi, der minst 1/3 av kommisjonane blir kvalitetssikra av intern faglærer. Denne ordninga er ressurs sparinge, då interne ressursar i liten grad nyttast til sensur, men kan nyttast til andre formål.

1. Bruk av obligatorisk aktivitet (alle program) og generelt bruken av ressursar per enkeltstudent.

Obligatorisk aktivitet i studieprogrammet samanlikna med tilsvarande program ved UiO og NTNU:

Følgjande er obligatorisk aktivitet i emna i BA i Arbeids- og Organisasjonspsykologi. Obligatorisk aktivitet må vere godkjend før studenten kan gå opp til eksamen.

Ex.phil.:

PSYK111 Innføring i psykologi og psykologiens historie: Obligatorisk innlevering av ei oppgåve på inntil 1000 ord.

PSYK113 Innføring i metode: Gjennomføring av ein Multiple Choice test i det digitale vurderingssystemet.

PSYK112 Sosial- og personlegdomspsykologi: Gjennomføring av ein Multiple Choice test i det digitale vurderingssystemet.

PSYK114 Utviklings-, kognitiv og biologisk psykologi: Gjennomføring av ein Multiple Choice test i det digitale vurderingssystemet.

PSYK106 Personalpsykologi: Ingen obligatorisk aktivitet.

PSYK110 Arbeids- og organisasjonspsykologi: Ingen obligatorisk aktivitet.

PSYK202 Metode: 1. Obligatorisk gjennomføring av to fleirvalsprøvar. 2. Obligatorisk innlevering av ei oppgåve innan anten kvalitativ analyse eller kvantitativ analyse. Oppgåva kan skrivast i grupper på inntil tre studentar.

PSYK210 Nyare teoretiske, metodiske og empiriske bidrag i arbeids- og organisasjonspsykologi: Aktiv deltaking på seminar. Artikkellesing og gruppearbeid som førebuing til studentstyrt undervisning. Presentasjon av gitt vitenskapelig tekst og leiing av gruppe og plenumsdiskusjon av gitte tekster.

PSYK200 Leiingspsykologi: Deltaking i undervisninga.

PSYK250 Bacheloroppgåve i arbeids- og organisasjonspsykologi: Deltaking på undervisninga er obligatorisk. Undervisninga vil vere satt saman av tre førelesingar á 3 timar. Dette følgjast opp av to "workshops" om konkretisering av eigne forskingsspørsmål og val av samarbeidspartnarane på oppgåva. I framhaldet vert det gitt undervisning sett saman av ei praktisk innføring i både survey- og intervjumetoden over to dagar kvar på 6 timar. Rettleiing vil finne stad i grupper på 2-4 studentar. Kvar gruppe får 3 rettleiingar á 2 timar på nærare fastsett tidspunkt i løpet av semesteret. Studentane må halde ein munnleg presentasjon (gruppresentasjon) av den skriftlege oppgåva i plenum der presentasjonen vil vurderast som godkjent/ikkje godkjent.

Obligatorisk aktivitet i Bachelor i psykologi ved UiO (120 stp.):

PSY1200 – Introduction to developmental psychology, 10 stp: Uklart om det er obligatorisk aktivitet i emnet.

PSY1050 – Psykologi: Teori og praksis, 5 stp.: To obligatoriske innleveringar som må godkjennast for å kunne ta eksamen. Disse blir utdelt og gjennomgått i seminara. Obligatorisk oppmøte 6 av 8 gonger på seminara for å kunne ta eksamen, med obligatorisk oppmøte første gang.

PSY1250 – Personlegdomspsykologi, 5 stp.: Emnet har obligatorisk arbeidskrav for å kunne ta eksamen. På seminara er det obligatorisk oppmøte 4 av 5 gonger, med obligatorisk oppmøte første gang.

PSY1010 – Innføring i metode, 10 stp.: Ingen obligatorisk aktivitet.

PSY1100 – Innføring i sosialpsykologi, 10 stp.: 1. Obligatorisk oppmøte på seminar eller levere oppgåve. På seminara er det obligatorisk oppmøte 6 av 8 gonger, med obligatorisk oppmøte første gong. 2. Deltaking i empiriske studiar eller levere oppgåve. Deltaking på 3 timar i empiriske studiar for å lære kva empiriske studiar betyr, og korleis det opplevast å vere deltakar. Alternativt; dersom du ikkje ønsker å delta i forskingsstudiar, kan du levere inn ei oppgåve som svarar til same arbeidsmengde.

PSY1300 – Kognitiv psykologi, 10 stp: ingen obligatorisk aktivitet utanom seminaret (6 gonger).

PSY2013 – Kvalitativ metode, 10 stp.: 1) Gjennomføre ei pilotstudie ved hjelp av eit kvalitativt forskingsintervju med tid som organiserande prinsipp. 2) Utarbeide ei prosjektbeskriving til eit tenkt forskingsprosjekt, med utgangspunkt i pilotstudien. Obligatorisk aktivitet gjennomførast i gruppe, og rettleiing blir gitt i seminara.

PSY2503 – Kultur- og samfunnspsykologi, 10 stp.: ingen obligatorisk aktivitet utanom seminaret.

PSY2101 – Helsepsykologi, 10 stp.: 2 av 3 multiple choice innleveringar må være godkjent før ein kan framstille seg til eksamen.

PSY2014 – Kvantitativ metode, 10 stp.: ingen obligatorisk aktivitet utanom seminaret.

PSY2405 – Innføring i arbeidspsykologi, 10 stp.: ingen obligatorisk aktivitet utanom seminaret.

Bacheloroppgave innenfor valgt tema, 20 stp.: Obligatorisk seminarundervising to timar per veke i seks veker.

I tillegg kjem eitt valfritt psykologiemne. Dette veljast fritt blant alle psykologiemna som tilbydast i bachelorprogrammet, og som studenten kvalifiserer for.

Det er obligatorisk oppmøte på seminar i fleire av emna, men det er også mogleg å velje bort seminara og ta eksamen utan obligatorisk oppmøte. Då må studenten ofte kompensere ved å skrive ei oppgåve.

Obligatorisk aktivitet i Bachelor i psykologi ved NTNU (120 stp.):

Ved NTNU er det obligatorisk aktivitet i åtte av 12 emne i programmet. Det står berre at det er obligatorisk innlevering eller aktivitet, utan andre detaljar.

Summert opp så har bachelorprogrammet ved UiB obligatorisk aktivitet i åtte av 10 emne i den obligatoriske delen av programmet, medan UiO ser ut til å ha obligatorisk aktivitet i ca. seks av sine 12 obligatoriske emne, og NTNU i åtte av 12 emne. Omfanget av obligatorisk aktivitet ser såleis ut til å vere større litt større i BA ved UiB enn ved UiO og NTNU, som tydar på at ressursbruken per enkeltstudent er større ved UiB.

Effekt av ressursbruk

Kandidatproduksjonen: Denne har i perioden 2015-2018 vore mellom 39 og 54 kandidatar/år, som svarar til 65 til 90 % av dei 60 som takast opp kvart år. Det er mogleg at instituttet overbookar opptaket til programmet, og då blir disse prosentane lågare. I følge SSB sin statistikk publisert 26.6.19, var det i 2010 i Noreg 41 % som hadde fullført ein bachelorgrad etter åtte år i eit program. Kandidatproduksjonen ved instituttet ser ut til å vere langt betre enn det som er gjennomsnittet for bachelorprogram.

Produksjon av studiepoeng: Produksjonen i programmet i arbeids- og organisasjonspsykologi, som målt ved avlagte studiepoeng, ser ut til å vere omtrent lik den ein finn i tilsvarende program nasjonalt og ved UiB totalt (Tabell 1). For UiO er det uklart kva for tal i DBH som er samanliknbare og disse er ikkje tatt med her.

| Stad | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|------------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| UiB Arb-Org Psykologi | 43,8 | 42,6 | 43,6 | 45,6 |
| UiB Generell Psykologi | 42,8 | 45,7 | 45,4 | 42 |
| UiB Totalt | 43,6 | 42,7 | 44,3 | 44 |
| NTNU BA Psykologi | 48,5 | 46 | 44,2 | 43,6 |
| UiT BA Psykologi | 50,7 | 54,6 | 45,9 | 46,9 |
| Gjennomsnitt | 45,9 | 46,3 | 44,7 | 44,4 |

Tabell 1: *Tal på gjennomsnittleg avlagte studiepoeng per student i samanliknbare program i perioden 2015 til 2018.*

Karakterar: Prosentandelen av studentane som oppnådde karakter A eller B i ulike studieprogram. Resultata for BA i arbeids- og organisasjonspsykologi er omtrent på gjennomsnittet for tilsvarende program (Tabell 2).

| Stad | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|------|------|------|------|------|
|------|------|------|------|------|

| | | | | |
|------------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| UiB Arb-Org Psykologi | 31,4 | 37,8 | 32,6 | 36,4 |
| UiB Generell Psykologi | 30,6 | 32 | 26,6 | 31,9 |
| UiB Totalt | 38,7 | 39,3 | 38,7 | 40,1 |
| NTNU BA Psykologi | 29 | 29,8 | 33,5 | 34,5 |
| UiT BA Psykologi | 33,4 | 32,6 | 39,2 | 33,5 |
| Gjennomsnitt | 32,6 | 34,3 | 34,1 | 35,3 |

Tabell 2: Prosentandelen som fekk A eller B i ulike samanliknbare program i perioden 2015 til 2018, samt for UiB totalt.

Prosentandelen som fekk karakter F (stryk) i ulike studieprogram kan sjåast i Tabell 3. Resultata for BA i arbeids- og organisasjonspsykologi er langt betre enn for tilsvarende program ved NTNU og UiT, og omtrent lik tala for BA i Generell psykologi ved UiB, og for UiB totalt. UiB totalt har lågare strykprosent enn NTNU og UiT i perioden 2015 til 2018.

| Studiestad | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|------------------------|------------|------------|------------|------------|
| UiB Arb-Org Psykologi | 4,0 | 4,1 | 5,1 | 4,6 |
| UiB Generell Psykologi | 4,5 | 4,8 | 4,5 | 5,0 |
| UiB Totalt | 5,7 | 5,8 | 5,9 | 5,8 |
| NTNU BA Psykologi | 8,2 | 8,0 | 7,0 | 8,0 |
| UiT BA Psykologi | 12,2 | 13,7 | 10,4 | 9,8 |
| Gjennomsnitt | 6,9 | 7,3 | 6,6 | 6,6 |

Tabell 3: Prosentandelen som fekk karakteren F i ulike samanliknbare program i perioden 2015 til 2018.

Studiebarometeret gir ein indikasjon på kor nøgde studentane er med ulike aspekt ved studiet. Eg har valt ut tre dimensjonar i barometeret for 2018: undervising, tilbakemeldingar og læringsmiljø, og undersøkt score på disse dimensjonane i samanliknbare studieprogram (Tabell 4). Ein del av disse spørsmåla var nye i 2018 og kan ikkje samanliknast med tidlegare år. «Undervising» dreiar seg om at undervisinga er engasjerande og at stoffet blir presentert på ein forståeleg måte, og at undervisinga dekkjer lærestoffet og at studentane skal delta aktivt. «Tilbakemeldingar» dreiar seg om talet på tilbakemeldingar frå tilsette, kor konstruktive disse er, rettleiing og diskusjonar med tilsette, og andre studentar si evne til å gi konstruktive tilbakemeldingar. «Læringsmiljø» dreiar seg om det sosiale og faglege miljøet blant studentane, mellom studentar og tilsette, lokalar og utstyr for undervising, bibliotektenester, og IKT-tenester.

| Dimensjon i Studiebarometeret | Arb. Org. Psyk. UiB | Generell Psyk. UiB | BA Psyk. UiO | BA Psyk. NTNU | BA Psyk. UiT |
|-------------------------------|---------------------|--------------------|--------------|---------------|--------------|
| Undervising | 3,6 | 3,6 | 3,6 | 3,3 | 3,4 |
| Tilbakemeldingar | 1,9 | 2,7 | 2,6 | 2,7 | 2,4 |
| Læringsmiljø | 3,6 | 3,6 | 3,4 | 3,6 | 3,3 |

Tabell 4: *Score på tre utvalde dimensjonar på Studiebarometeret 2018 for ulike bachelorprogram i psykologi.*

Resultata for programmet i arbeids- og organisasjonspsykologi utmerkar seg negativt på låg score på tilbakemeldingar. Denne scoren var låg også i 2016 (1,7) og 2018 (1,8). Det er såleis grunn til å tru at den låge scoren ikkje er ei tilfeldig svinging. Den låge scoren skriv seg frå låge scorar på «Talet på tilbakemeldingar du får frå fagleg tilsette på arbeidet ditt» (score 1,7), «Dei faglege tilsette si evne til å gi konstruktive tilbakemeldingar på arbeidet ditt» (score 1,9), og «Fagleg rettleiing og diskusjonar med fagleg tilsette» (score 2,2). Resultat for undervising og læringsmiljø for programmet i arbeids- og organisasjonspsykologi er omtrent på gjennomsnittet for tilsvarende program.

Vurdering:

Ressursbruk ved BA i arbeids- og organisasjonspsykologi ved UiB ser ut til å vere litt større enn ved andre samanliknbare program, og då kunne ein vente at resultata i programmet er betre enn i program det nyttast mindre ressursar på. Dette stemmer likevel ikkje heilt. Det er heller ein trend at NTNU og UiT har litt fleire gjennomsnittleg avlagte stp./student/år.

Større ressursbruk kan ein også forvente skal gi betre karakterar i programmet. Prosentdelen av studentane som får A og B støttar ikkje denne hypotesen, då programmet i arbeids- og organisasjonspsykologi ligg omtrent på gjennomsnittet.

Hypotesen får likevel støtte då det er klart færre studentar som får karakteren F i BA i arbeids- og organisasjonspsykologi enn ved BA i psykologi ved NTNU og UiT. Det blir spekulativt å forsøke å finne årsaker til dette, men inntakskvaliteten (karakterar frå vidaregåande skule) er høgare ved UiB samanlikna med UiT, så dette kan forklare noko av denne forskjellen. Inntakskvaliteten er ganske lik mellom NTNU og UiB, så forskjellen i prosentandelen F kan ikkje forklarast med inntakskvalitet. Ved NTNU tar ein inn ca. 180 studentar i bachelorprogrammet (og omtrent det same i årsstudiet), så det er større kull ved NTNU, som kan ha negativ effekt på talet på stryk.

Det låge resultatet på «Tilbakemeldingar» i Studiebarometeret for BA i arbeids- og organisasjonspsykologi heng likevel ikkje saman med at det er mindre kull ved UiB. Mindre kull skulle gi moglegheit for betre oppfølging, men Studiebarometeret tydar på det motsette. Det er større grad av obligatorisk undervising ved BA i arbeids- og organisasjonspsykologi, så ein skulle vente at det var meir oppfølging og meir tilbakemeldingar i denne, men tala frå Studiebarometeret tilseier ikkje det.

2. Faglege fordelar og ulemper med noverande organisering av studieretningar på dei respektive programma.

Den faglege fordelten med noverande organisering av programma i generell psykologi og i arbeids- og organisasjonspsykologi er at den inneheld minimum 80 stp. i arbeids- og organisasjonspsykologi, som gir ei sær god breidde og djupne i faget. Samtidig gir faget ei god innføring i generell psykologi, som er nødvendig for å sette arbeids- og organisasjonspsykologien inn i ein større fagleg samanheng. Programmet er populært og har sær god inntakskvalitet. Programmet er en vitig del av rekrutteringsgrunnlaget til masterprogrammet i arbeids- og organisasjonspsykologi. Det er vanskeleg å finne faglege ulemper med noverande organisering.

Det er 30 valfrie studiepoeng i programmet. Dette er kanskje nedfelt i studieforskrifta ved UiB eller fakultetet, så det er kanskje ikkje mogleg å endre, men frå eit ressursomsyn så kan dette verke ressurskrevjande. Det er fleire valfrie emne ved fakultetet, som ikkje ser ut til å gå inn i eit program. Dersom nokre av disse kunne gå inn i programmet i staden for å vere valfrie emne, så ville ressursbruken reduserast.